

Styremøte 2022/5 i Norsk folkemusikklag

Møte på Teams mandag 28. mars kl. 19.00—21.00

Til stades: Bjørn Aksdal, Andrea Kasbo Rygh, Tom Willy Rustad og Sveinung Søyland Moen (referent)

Saksliste

Sak 29/22 Korte meldingar

UFFD-seminar 25.–26.03.2022

Andrea og Sveinung deltok på vegne av styret, og presenterte der NFL og skriftet for UFFD. Andrea og Sveinung refererte samlinga for styret.

Sak 30/22 Konstituering av det nye styret

Under årsmøtet 2022 vart Bjørn attvald som leiar og Sveinung attvald som kasserar. I tråd med vedtektene konstituerte styret seg så med følgjande verv:

- Nestleiar: Sveinung
- Seminaransvarleg: Tom Willy
- Medlemskontakt: Andrea

Andrea vil i tillegg ha kontakta med Ungt Forskerforum for Folkemusikk og Dans (UFFD) på vegne av styret.

Sveinung fortsett i rolla som nettredaktør for laget.

Sak 31/22 Seminaret 2022 (Bjørn)

Styret fortsette diskusjonen rundt moglege seminartema, men vart samde om å gjera nokre fleire undersøkingar før den endelege avgjerda vert tatt i eit nytt styremøte over påske. Styret har tidlegare vorte samde om å arrangera seminaret på Ringve Musikkmuseum, og Sveinung vil difor òg undersøka kva tema som kan vera særleg aktuelle for dei. Sveinung har alt vore i kontakt med dei som mogleg samarbeid, og dei er positive til dette.

Dei enkelte styremedlemmane vart òg oppmoda om å senda eventuelle nye innspel på e-post til heile styret, slik at alle vil vera godt førebudde til møtet over påske.

Sak 32/22 Ny redaktør i Musikk og tradisjon

Årsmøtet 2022 gav styret mandat til å finna ein ny redaktør/styremedlem. Det hastar å få på plass ein redaktør om det skal vera mogleg å få gitt ut eit skrift i 2022. Styret diskuterte aktuelle kandidatar og bestemte seg for å kontakta desse, før saka vert tatt opp att i neste styremøte. Styret vil òg tenka på andre moglege kandidatar fram mot neste møte.

Sak 33/22 Eventuelt

Føring av reiserekningar og behov for utvida styreinstruks

Eventueltsak meldt inn av Sveinung, men som vart utsett til neste styremøte pga. tekniske problem.

Neste styremøte

Grunna nokre utfordringar med Teams, vart styret samde om å ta neste møte på Zoom. Andrea har abonnement og kan difor kalla inn til møtet. Neste møte vert torsdag 21. april kl. 19.00–21.00.